



Arkivnr: 2014/16413-4

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær

Bakgrunn for saka:

Forvaltningsrevisjonsrapport innan sjukefråvær i Hordaland fylkeskommune vart handsama i fylkestinget 12.12.2012 og det vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport «Sjukefråvær i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Betre kompetansen til leiarane slik at dei kan hente ut føremålstenlege statistikkar frå personalportalen ut frå eigne behov.
2. Sikre korrekt innrapportering av sjukefråvær i personalportalen.
3. Systematisere og analysere dokumentasjon knytt til avslag på refusjonskrav for å sikre utvikling og læring.
4. Lage ein handlingsplan innan 01.02.2013 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.»

Kontrollutvalet har følgd denne forvaltningsrevisjonen opp ved 2 høve i 2014 og ein gong i 2015 der det vart gjort slikt vedtak i møte 17.06.15:

«Kontrollutvalet registrerer at fylkesrådmannen no har sett i verk tiltak på dei fleste av punkta i vedtaket frå fylkestinget, men at punkt 3, 4, 7 og 8 framleis ikkje er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015.»

Drøfting:

Ny tilbakemelding frå fylkesrådmannen dagsett 11.12.15 er no motteke og ligg ved.

Sekretariatet registrerer at Hordaland fylkeskommune har sett i gang mange positive prosessar for å få på plass forbetringane som kom fram i forvaltningsrevisjonen av sjukefråvær og meiner med det at utvalet bør seie seg nøgd med det arbeidet som er gjort.

Konklusjon:

På bakgrunn av prosessane som er sett i gang vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølginga som er gjort så langt og med dei planane som ligg føre for å få på plass dei punkta som ikkje er ferdig.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet registrerer at Hordaland fylkeskommune har sett i gang mange positive prosessar for å få på plass forbetringane som kom fram i forvaltningsrevisjonen av sjukefråvær. På bakgrunn av dette seier utvalet seg nøgd med oppfølginga som er gjort så langt og med dei planane som ligg føre for å få på plass dei punkta som ikkje er ferdig. Kontrollutvalet ønskjer Hordaland fylkeskommune lukke til med det vidare forbetningsarbeidet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Status handlingsplan etter forvaltningsrevisjon sjukefråvær
- 2 Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon sjukefråvær status pr 11.12.15